



**Direktoratet for mineralforvaltning**  
med Bergmeisteren for Svalbard

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark  
Postboks 2076  
3103 TØNSBERG

Dato: 20.12.2021  
Vår ref: 21/06549-2  
Deres ref: 2021/10342

## Fråsegn til varsel om oppstart av verneplanarbeid for 28 nye områder i Vestfold og Telemark

### POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50  
7066 Trondheim

**TELEFON** + 47 73 90 46 00

**E-POST** post@dirmin.no

**WEB** www.dirmin.no

**GIRO** 7694.05.05883

**SWIFT** DNBANOKK

**IBAN** NO5376940505883

**ORG\_NR.** NO 974 760 282

**SVALBARDKONTOR**

**TELEFON** +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 29. oktober 2021.

DMF er statens sentrale fagmyndighet ved forvaltning og utnytting av mineralske ressurser, og skal bidra til størst mulig samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressurser (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter naturmangfaldlova.

### Om saka

Saka gjeld oppstart av arbeid med vern av 25 nye skogområde og 3 utvidingar av eksisterande naturreservat. Føremålet med arbeidet er generelt å sikre areal med verneverdiar. Verneplanprosessane for områda vil i hovudsak gå føre i 2022 og 2023. Statsforvaltaren har som mål å tilråde så mange som mogleg til Miljødirektoratet slik at dei kan kome med på vernevedtak i 2022 og 2023.

Melding om oppstart gjeld følgjande områder:

- Grønlifjellet, Krokvannskollen og Sannesnåsa i Drangedal kommune
- Finndølajuvet/Finndalstveit og Songedalsnuten i Fyresdal kommune
- Kleppefjell (utviding) og Svartejuv-Vestfjellet i Hjartdal kommune
- Tårånli i Kviteseid kommune
- Stavholtsmyra (utviding) i Midt-Telemark kommune
- Gongefjell, Husefjell, Linfjell-Lubergfjell, Meheifjellet, Sauåsen, Svarteputt og Værstadjellet i Nome kommune
- Hyttedokkåsen, Skitnebufjellet (utviding), Tellerud-Øysteinustul og Tinnegrend i Notodden kommune
- Flata, Hanakne, Stjernås og Viersdalen i Porsgrunn kommune
- Bjønneholun og Hønsegjuvet i Selfjord kommune
- Hovdestul i Tinn kommune
- Modalen i Tokke kommune

### Fråsegn frå DMF

Mineralressursar er ikkje-fornybare naturressursar og ein langsiktig forvaltning av desse ressursane er derfor viktig. Dersom ressursane blir bygd ned eller bandleggast på ein annan måte, er dei i mange tilfelle utilgjengelig i overskueleg framtid.



DMF er i denne sammenheng opptatt av at mineralressursar som har eller kan ha verdi i dag eller i framtida blir vurdert i verneprosessen. DMF har undersøkt om dei aktuelle verneområda kommer i berøring med mineralske ressursar, bergrettigheitar eller masseuttak i drift.

#### Husefjell i Nome kommune

Det føreslegne verneområdet ligg inntil to område kor det er tildelt driftskonsesjon etter minerallova § 43: Kjeldalen massetak og Stormo Sandtak.<sup>1</sup> Statsforvalteren bør innhente informasjon om føreslegne verneområde overlappar med areal som er aktuelle for framtidig utviding av dei etablerte uttaka. Dersom dei er det bør vern tilpassast slik at områda som er aktuelle for uttak i framtida ikkje blir bandlagt av vernet. Det er i denne sammenheng viktig at dei som driver uttaka får moglegheit til å uttale seg i saka om verneplanen.

Verneområdet overlappar også delvis med ein registrert sand- og grusførekomst<sup>2</sup> og ein pukkførekomst<sup>3</sup>. Førekomstane er av Norges geologiske undersøkelse (NGU) vurdert til å være av høvesvis liten betydning og lokal betydning. Statsforvalteren bør vurdere om verneplanen vil påverke moglegheitene til å få tilgang til ressursane i førekomsten på kort og lang sikt. Grunneigar bør også bli informert om eventuelle konsekvensar for tilgangen til ressursane dersom området blir verna.



Figur 1: Figuren viser konsesjonsområde etter minerallova § 43 (rosa), sand- og grusførekomstar (oransje) og pukkførekomstar (gjennomsiktig lys rosa).

<sup>1</sup> DMFs kartinnsyn: <https://minit.dirmin.no/kart/>

<sup>2</sup> Fjosmo sand og grusførekomst (NGU):  
[https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus\\_GP\\_Omrade\\_fakta.Main?p\\_spraak=N&p\\_objid=60558](https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Omrade_fakta.Main?p_spraak=N&p_objid=60558)

<sup>3</sup> Kjeldal pukkførekomst (NGU):  
[https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus\\_GP\\_Omrade\\_fakta.Main?p\\_spraak=N&p\\_objid=217947](https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Omrade_fakta.Main?p_spraak=N&p_objid=217947)



#### Hyttedokkåsen i Notodden kommune

Den sørlege delen av det føreslegne verneområdet Hyttedokkåsen overlappar delvis med en registrert sand- og grusførekomst, NGU har vurdert førekomsten til liten betydning.<sup>4</sup> I NGUs beskriving av førekomsten står det at «Massene består av sand med en del grus og stein. Det er tatt ut noe masse fra et lite massetak som nå er nedlagt.» Statsforvalteren bør vurdere om verneplanen vil påverke moglegheitene til å få tilgang til ressursane i førekomsten på kort og lang sikt. Grunneigar bør også bli informert om eventuelle konsekvensar for tilgangen til ressursane dersom området blir verna.

#### Songedalsnuten i Fyresdal kommune

I NGUs malmdatabase er det en registrering Songedalsnuten<sup>5</sup> sørvest i planområdet. Registreringene har ingen verdivurdering. Statsforvalteren bør opprette kontakt med NGU og innhente ytterlegare informasjon om registreringa før eventuelt vern av området.

#### Sannesnåsa i Drangedal kommune

Store delar av det føreslegne verneområder overlapper med område der DMF har utstedt undersøkingsrett. Ein undersøkingsrett inneber at rettshavar kan drive undersøking dersom andre naudsynte løyver er gjeve. DMF føreset at rettshavar, i dette tilfellet Transition Element AS, får moglegheit til å uttale seg gjennom verneprosessen.

Oversikt over utdelte bergrettigheter kan sjåast i vårt kartinnsyn.

#### Øvrige områder

For dei resterande områda kan ikkje DMF sjå at vårt sektorområde er rørt, og har ingen merknader til desse.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad  
seksjonsleiar

Øyvind Wormdal Selboe  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.*

---

<sup>4</sup> Sand- og grusførekomst Hyttedokkåsen (NGU):

[https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus\\_pukk/visGrusOmr.php?objid=60534](https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=60534)

<sup>5</sup> Registrering Songedalsnuten (NGU):

<http://geo.ngu.no/api/faktaark/mineralressurser/visMetaller.php?objid=5563&lang=nor>



Sakshandsamar: Øyvind Wormdal Selboe

Mottakarar:

Statsforvalteren i Vestfold og Postboks 2076

Telemark

3103 TØNSBERG

Kopi til: